



Tiltak for å redusere risiko for smittespreiing

Forfatter

Åshild Øritsland Våge, Animalia
Egil Simensen, Norges veterinærhøgskole

Sammendrag

Smittevern er et tema det er fokusert mykje på dei seinare åra, og det er difor gledeleg at dei fleste sauebønder har iverksett tiltak for smittevern i buskapen sin. Det er derimot stor variasjon i kva tiltak som er i bruk, og kor nøgd den einskilde bonden er med opplegget for smittevern i buskapen sin.

Publisert

2012

Referanse

Sau og Geit 5/2012

Utskriftsdato

14.03.2026 www.fag.nsg.no

Smittevern:

Tiltak for å redusere risiko for smittespreiing

Smittevern er et tema det er fokusert mykje på dei seinare åra, og det er difor gledeleg at dei fleste sauebønder har iverksett tiltak for smittevern i buskapen sin. Det er derimot stor variasjon i kva tiltak som er i bruk, og kor nøgd den einskilde bonden er med opplegget for smittevern i buskapen sin.

I 2011 blei det i regi av Norges veterinærhøgskole, Universitetet for miljø- og biovitenskap, Norsk institutt for landbruksforskning, Veterinærinstituttet, Animalia og Småfe-programmet for fjellregionen, sendt ut ei spørjeundersøking der ein henta inn opplysningar om driftsbygningar og driftsrutinar hos norske sauebønder. Det kom inn svar frå 635 bruk over heile landet. Minste buskapsstorleik av dei som var med i undersøkinga var 40 vfs., mens gjennomsnittleg buskapsstorleik var 114 vfs. Ein del av spørsmåla gjekk på smittevern i sauefjøs.

Smittespreiing – ein trussel som angår alle

Sett i eit verdsperspektiv har me ein låg førekomst av smittsame sjukdommar hos sau i Noreg. Mædi, skrapesjuka og fotråte er likevel eksempel på alvorlege smittsame sjukdommar som både næringa og det offentlege har brukt mykje tid og ressursar på. I tillegg til desse B-sjukdommane har me ei rekke «kvardagssjukdommar» som er vanleg førekommande, og som alltid utgjer ein smitterisiko. Eksempel på slike sjukdommar er byllesjuka, mage-tarm-sjukdommar og luftvegsinfeksjonar.

Utbrotet av fotråte er eit godt eksempel på kvifor det òg er viktig å tenke på dei sjukdommane Noreg er fri for. Det er ikkje mange åra sidan me

var sikre på at me ikkje hadde fotråte i Noreg. Truleg var det svært få av dei som fekk fotråte som oppfatta denne sjukdommen som ein trussel som gjaldt dei før sjukdommen blei påvist. Slike hendingar er det avgjerande at me lærar av. Av dei mange sjukdommane me ikkje har i Noreg, er det fleire som førekjem i Sentral-Europa. Smittsam abort og saueskabb er døme på sjukdommar som er vidt utbredt i mellom anna Storbritannia. Konsekvensane for sauenæringa er enorme om desse skulle bli vanlege i Noreg, og kostnadane med å kontrollere eit utbrot og kjempe mot ein sjukdom har me erfart er store.

Tiltak basert på kunnskap

Det vil aldri vera mogleg å verne seg 100% mot smittsam sjukdom. Strukturen i sauehaldet, med avls-systemet og bruk av fellesbeiter, gjer at det er naudsynt med ei viss overføring av livdyr og noko kontakt mellom buskapane. Heller ikkje smitte via personar og utstyr kan ein verne seg fullstendig mot. Målet med smittevern er å redusere risikoen så godt som mogleg, på så mange områder som mogleg, slik at den totale risikoen blir minst mogleg. Skal me klare dette må me ha kunnskap om kva sjukdommar som utgjer ein trussel, smittestoffa og smittevegane.

Ein har ulike smittestoff, som bakteriar, virus og parasittar. Dei viktigaste smittevegane er:

- via avføring, for eksempel kolidiaré, salmonella, mage- og tarmparasittar
- via dropesmitte, for eksempel luftvegsinfeksjonar
- via vektorar/insekt, for eksempel sjodogg, blåtunge
- ved nærkontakt, for eksempel mædi, skrapesjuka, skabb.

Ein viktig eigenskap ved smittestoffa er kor godt dei overlev utanfor dyret. Enkelte smittestoff overlev berre kort tid, f.eks. fotråtebakterien, medan andre smittestoff kan overleve svært lenge i miljøet, for eksempel munnskurvirus og byllesjukaebakterien. Andre kan igjen overleve lenge dersom dei er verna mot uttørking, f.eks. i avføring. Det er slik kunnskap om smittestoffa, som saman med kunnskap om sauehaldet, ligg til grunn for anbefalte smitteverntiltak.

Kor godt smittevernet er vil alltid vera avhengig av det svakaste leddet i smitteskjeda, det vil seie der risikoen for introduksjon og spreiiing av smittsame sjukdommar er størst. Ut frå strukturen i sauehaldet er det to hovudområder som utgjer den største risiko for introduksjon og spreiiing av smittsame sjukdommar: livdyrkontakt og smitte via personar og utstyr.

Livdyrkontakt

Totalt sett utgjer truleg livdyrkontakt den største risikoen for spreiiing av smittsame sjukdommar i sauehaldet. Tiltak er difor viktig både på beite, ved kjøp av livdyr og i avlsarbeidet. Forbodet mot å overføre sauer frå eit fylke til eit anna er eit døme på tiltak som skal redusere smittespreiing via livdyr.

Smitte via personar og utstyr

Risikoen for smitte som følgje av persontrafikk er størst i tida der dyra står inne. Dette kjem både av at dyretettleiken ofte er stor inne, og at inneperioden er ei tid med mykje persontrafikk. Personar som har vore i utlandet og utanlandsk arbeidskraft utgjer ein spesielt stor risiko for introduksjon av sjukdommar me ikkje har i Noreg. Aktuelle tiltak for å redusere risiko for smitte via personar og utstyr er mellom anna:


- Bruk av overtrekkstøy og fottøy til alle besøkande. Staden dei besøkande skiftar kler og fottøy bør vera slik at det reduserer faren for spreiding av sjukdom.
- Dei som besøkjer buskapan skal kunne reingjere hender, utstyr og liknande (varmt vatn og såpe).
- Karenstid for personar som har vore i utlandet (48-timers regel)
- Vask og desinfeksjon av utstyr som har vore brukt i andre buskapar.

Smittevern i sauehuset

I spørjeundersøkinga vart brukarane bedt om å gje ei vurdering av kor godt løysingane for smittevern fungerte på en poengskala frå 1 = meget bra til 5 = meget dårleg.

Gjennomsnittskaraktaren var på 2,76. Dette er dårlegare karakter enn for mange av dei andre faktorane som vart evaluert. Det tydar på at mange av brukarane ikkje var nøgd med smittevernet i sauehuset. Ikkje uventa var det ein samanheng mellom karakteren for smittevern og alder på driftsbygningane. Brukarane med dei nyaste husa var mest nøgde.

Spørsmåla i spørjeundersøkinga konsentrerte seg om kva tiltak ein hadde for å redusere faren for introduksjon og spreiding via personar og utstyr. Så mange som 66% av respon-



Figuren viser fordeling av svara ved brukarane si vurdering av smittevern.

dentane svarte at det ikkje fanst smittesluse i fjøset. Det er ikkje lovpålagt med smittesluse, berre krav om eit egna system for smittevern. Heile 80% svarte at det blei nytta egne klede og skotøy til besøkande i buskapan. Dette er bra!

Undersøkinga viste at 30% av brukarane ikkje hadde vaskeservant i sauefjøset, og at 34% ikkje hadde varmt vatn i servanten. Dette er tilhøve som gjer det vanskeleg å få til god handhygiene, og er noko som bør betrast. Det bør vera eit minimumskrav at det er varmt vatn og gode vaskemoglegheiter i alle sauefjøs.

At så mange som 21% seier at dei har smittesluse, men at denne ikkje blir brukt konsekvent er interessant. Svara i undersøkinga seier ingenting om kvifor det er slik, men dette illustrerer at rutinar og tenkinga rundt smittevern er like viktig som sjølve smitteslusa.

Smittevern – kvar enkelt sitt ansvar

Som nemnt er persontrafikk ein viktig risikofaktor for spreiding av smitte mellom buskapar. For å unngå at veterinær og andre besøkande som klippear og fostertellerar dreg med seg smitte mellom hus, er det avgjerande at tilhøva er lagt til rette for skifte av sko og klede, samt at ein kan spyle og vaske seg. Er tilhøva for smittevern dårlege er konsekvensen auka smitterisiko både for ein sjølv og for nestemann på ruta. Spørjeundersøkinga viser mellom anna at 30% ikkje har innlagt vatn, og at 20% ikkje nyttar egne klede og skotøy

til besøkande. Sjølv om dette tyder på at storparten av norske sauebønder legg til rette for å redusere smitterisikoen, utgjer likevel desse prosentane mange buskapar. Smittevern er kvar enkel bonde sitt ansvar, primært for å passe på eigen buskap, men òg av omsyn til nestemann.

Les meir om aktuelle tiltak i NSGs handlingsplan for smittevern i sauehaldet, som du finn både på NSG og HT-sau sine heimesider.

*Åshild Øritsland Våge, Animalia
Egil Simensen, Norges veterinærhøgskole*

Fordeling av svara om smittevern:

Er det vaskeservant for handvask i sauefjøset?

	%
Ja	70,5
Nei	29,5

Er det varmt vatn tilgjengeleg i vaskeservanten?

	%
Ja	66,4
Nei	33,6

Finst det smittesluse?

	%
Ja, nyttast konsekvent	12,8
Ja, men nyttast ikkje konsekvent	21,2
Nei	66,0

Blir det nytta egne yttertøy/ovretrekkssokkar/støvlar når veterinær/andre besøker buskapan?

	%
Ja	80,3
Nei	19,7

Melkepumpe for sau og geit

Råmelk: Flytende gull



Pass på at trillingene får nok råmelk.

Pris kr. 1475,-
+ mva/porto

Hans Næss
Haganes, 5574 Skjold
Tlf.: 918 13 432